

KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/58/52

av 12. mars 2009

om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsyn

[meldt under nummeret K(2009) 1830]

(2009/300/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

- 3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for den aktuelle produktgruppa, gjeld for.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet,

- 4) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 er det i god tid vorte gjennomført ei vurdering av miljøkriteria og av dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som vart innførte ved kommisjonsvedtak 2002/255/EF av 25. mars 2002 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsynsapparat⁽²⁾.

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 5) For å ta omsyn til den vitskaplege utviklinga og marknadsutviklinga bør det fastsetjast nye miljøkriterium i lys av den vurderinga.

1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.

- 6) Det er òg naudsynt å endre definisjonen av produktgruppa i det nemnde vedtaket for å ta omsyn til ny teknologi.

2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det på grunnlag av dei kriteria som er utarbeidde av Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen, skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.

- 7) Av omsyn til klarleiken bør vedtak 2002/255/EF difor bytast ut. Ettersom det tidsrommet som er fastsett i det nemnde vedtaket, og som miljøkriteria skal gjelde for, er lengd fram til 31. oktober 2009, bør vedtaket bytast ut frå 1. november 2009.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 82 av 28.3.2009, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 19/2011 av 1. april 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 37 av 30.6.2011, s. 19.

(¹) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

(²) TEF L 87 av 4.4.2002, s. 53.

8) Miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll bør gjelde fram til 31. oktober 2013.

9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «fjernsyn» skal omfatte:

«Nettdrivne elektroniske apparat som er utforma for å ta imot, avkode og vise fjernsynssignal.»

Artikkel 2

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 må eit fjernsyn høyre inn under produktgruppa «fjernsyn» og oppfylle dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 3

Miljøkriteria for produktgruppa «fjernsyn» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. oktober 2013.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa «fjernsyn» tildelt kodennummeret «022».

Artikkel 5

Vedtaket 2002/255/EF vert oppheva.

Artikkel 6

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. november 2009.

Artikkel 7

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærdet i Brussel, 12. mars 2009.

For Kommisjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

MÅLSETJING

Føremålet med kriteria

For at eit produkt skal kunne tildelast miljømerket, må det oppfylle kriteria i dette vedlegget, som skal føre til

- mindre skade på eller fare for miljøet som følge av energibruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,
- mindre skade på miljøet som følge av bruk av naturressursar,
- mindre skade på miljøet som følge av bruk av farlege stoff ved at bruken av slike stoff vert mindre.

Kriteria skal òg fremje best mogleg bruk (så miljøvenleg bruk som mogleg) og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert oppfylte. (*Merknad:* Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar.)

Krav med omsyn til vurdering og kontroll

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er oppførte under kvart kriterium.

Dersom det er mogleg, bør prøvingane utførast av tilbørleg godkjende laboratorium eller av laboratorium som oppfyller krava i standarden EN ISO 17025 og har kompetanse til å utføre dei relevante prøvingane.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert oppfylte. (*Merknad:* Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar.)

KRITERIUM

1. Energiøkonomisering**a) Passiv kviletilstand**

- i. Fjernsynet skal ha eit effektforbruk i passiv kviletilstand på $\leq 0,30$ W dersom vilkåret i punkt ii) er oppfylt.
- ii. Fjernsyn med ein godt synleg avstengingsknapp, der effektforbruket er $< 0,01$ W når knappen er i avslått tilstand, skal ha eit effektforbruk i passiv kviletilstand på $\leq 0,50$ W.

b) Høgste energiforbruk

Fjernsyn i påslått tilstand skal ha eit effektforbruk på ≤ 200 W.

c) Energieffektivitet

Fram til 31. desember 2010 skal fjernsyn som vert bringa i omsetning med miljømerket, ha eit effektforbruk i påslått tilstand på høgst $0,64 \cdot (20 \text{ W} + A \cdot 4,3224 \text{ W/dm}^2)$.

Frå 1. januar 2011 til 31. desember 2012 skal fjernsyn som vert bringa i omsetning med miljømerket, ha eit effektforbruk i påslått tilstand på høgst $0,51 \cdot (20 \text{ W} + A \cdot 4,3224 \text{ W/dm}^2)$.

Frå 1. januar 2013 skal fjernsyn som vert bringa i omsetning med miljømerket, ha eit effektforbruk i påslått tilstand på høgst $0,41 \cdot (20 \text{ W} + A \cdot 4,3224 \text{ W/dm}^2)$.

Der A er det synlege skjermarealet⁽¹⁾ uttrykt i dm^2 .

Vurdering og kontroll (bokstav a) til c): Effektforbruket til fjernsynet skal målast i påslått tilstand i den tilstanden det vert levert i til kunden, i samsvar med den reviderte IEC62087-standarden (Methods of Measurement for the Power Consumption of Audio, Video and Related Equipment), ved å nytte dei dynamiske videosignala som vert sende ut. Dersom det vert vist ein automatisk meny ved første oppstart av fjernsynet, skal standardinnstillinga vere den som produsenten tilrår for normal hushaldsbruk. Søkjaren skal leggje fram for det rette organet som tildeler miljømerket, ein prøvingsrapport som viser at fjernsynet oppfyller dei krava som er fastsette i bokstav a) til c).

For å oppfylle vilkåra i bokstav a) ii) skal søkjaren vise at fjernsynet oppfyller krava og leggje ved prov i form av eit bilete av avstengingsknappen.

For å oppfylle vilkåra i bokstav c) skal søkjaren vise at alle fjernsyn som har miljømerket, og som han bringar i omsetning første gong etter dei datoane som er oppførte i kriteria, oppfyller dei aktuelle energieffektivitetskriteria. Dersom dette ikkje kan visast, vil det rette organet tildele miljømerkisensen berre for det tidsrommet som søkjaren kan vise at kriteria vert oppfylte.

2. Kvikksølvinnhald i lysstoffrør

Den samla mengda av kvikksølv (Hg) i alle lampar per skjerm skal ikkje overstige 75 mg for skjermar med ein synleg skjermdiagonal på høgst 40 tommar (101 cm).

Den samla mengda av kvikksølv (Hg) i alle lampar per skjerm skal ikkje overstige 99 mg for skjermar med ein synleg skjermdiagonal på meir enn 40 tommar (101 cm).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna fråsegn om at fjernsynet deira oppfyller desse krava. Ho skal omfatte dokumentasjon frå leverandørane på talet på lampar som vert nytta, og det samla kvikksølvinnhaldet i lampene.

3. Lenging av levetida

Produsenten skal garantere at fjernsynet verkar i minst to år. Garantien skal gjelde frå datoen for levering til kunden.

Det skal garanterast at compatible reservedelar og service vil vere tilgjengelege i sju år rekna frå det tidspunktet då produksjonen tek slutt.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava.

4. Utforming for demontering

Produsenten skal vise at fjernsynet er lett å demontere for personar som er fagutdanna innan attvinning, med dei verktøya som dei vanlegvis har til rådvelde, for å

- reparere og skifte ut utslitne delar,
- oppgradere gamle og forelda delar, og
- skilje frå kvarandre delar og materiale, som til slutt vert attvunne.

Demonteringa skal lettast på følgjande måtar:

- delane i fjernsynet skal vere festa på ein måte som gjer det mogleg å demontere dei, t.d. med skruar og sneppfeste, særleg delar som inneheld farlege stoff,

⁽¹⁾ Skjermarealet: arealet av skjermen uttrykt i dm^2 . Det er lik $[\text{skjermstorleik} \times \text{skjermstorleik} \times 0,480]$ for ein standardskjerm (4:3-format) og $[\text{skjermstorleik} \times \text{skjermstorleik} \times 0,427]$ for ein breiskjerm (16:9-format).

- plastdelar skal vere framstilte av ein polymer eller av fleire polymerar som høver saman med tanke på attvinning, og ha det relevante ISO11469-merket dersom dei har ei masse på meir enn 25 g,
- metallinnlegg som ikkje kan skiljast frå kvarandre, skal ikkje nyttast,
- opplysningar om typen og mengda farlege stoff i fjernsynet skal samlast inn i samsvar med rådsdirektiv 2006/121/EF⁽¹⁾ og det globalt harmoniserte systemet for klassifisering og merking av kjemikalier (GHS).

Vurdering og kontroll: Det skal leggjast fram ein prøvingsrapport med detaljar om demonteringa av fjernsynet saman med søknaden. Han skal omfatte ei teikning i uttrekksperspektiv av fjernsynet som viser hovudkomponentane i tillegg til eventuelle farlege stoff i delane. Han kan vere i skriftleg eller audiovisuelt format. Opplysningar med omsyn til farlege stoff skal leggjast fram for det rette organet som tildeler miljømerket, i form av ei liste over materiale med oppføring av materialtype, mengd som er nytta, og plassering.

5. Tungmetall og flammehemmarar

- a) Kadmium, bly, kvikksølv, seksverdig krom eller flammehemmarane polybromert bifenyyl (PBB) eller polybromert difenyleter (PBDE) som er oppførte i artikkel 4 nr. 1 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF⁽²⁾, skal ikkje nyttast i fjernsyn med mindre bruken av desse stoffa er oppført i vedlegget til det nemnde direktivet som unntak frå krava i artikkel 4 nr. 1 i direktivet, eller med mindre grenseverdien for konsentrasjon er lik eller lågare enn den grenseverdien som er oppført i det same vedlegget. Med omsyn til vedlegget skal grenseverdien for konsentrasjon av PBB og PBDE vere < 0,1 %.
- b) Plastdelar skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller stoffblandingar som inneheld stoff som på tidspunktet då det vert søkt om tildeling av miljømerket, er vortne eller kan verte tildelte ei av dei følgjande risikoseiningane eller kombinasjonar av dei, som definert i direktiv 2006/121/EF:
 - R40 (mogleg fare for kreft),
 - R45 (kan føre til kreft),
 - R46 (kan føre til arvelege skadar),
 - R50 (svært giftig for vassorganismar),
 - R51 (giftig for vassorganismar),
 - R52 (skadeleg for vassorganismar),
 - R53 (kan føre til uønskte langtidsverknader i vassmiljøet),
 - R60 (kan skade forplantingsevna),
 - R61 (kan gje fosterskadar),
 - R62 (mogleg fare for skade på forplantingsevna),
 - R63 (mogleg fare for fosterskade).

Dette kravet gjeld ikkje for reaktive flammehemmande middel, dvs. dei som ved bruk endrar eigenskapane sine (dvs. som faktisk ikkje inngår i sluttproduktet i ein konsentrasjon som er > 0,1 %) slik at dei R-setningane som er nemnde ovanfor, ikkje lenger gjeld.

Vurdering og kontroll: Produsenten av fjernsynet skal underteikne eit sertifikat som viser at desse kriteria er oppfylte og sende det over til det rette organet som tildeler miljømerket. Leverandørane av plasten og flammehemmarane skal òg underteikne og sende over til det rette organet som tildeler miljømerket, ei fråsegn om at kriteria er oppfylte, saman med kopiar av relevante tryggleiksdatablad for materiale og stoff. Alle flammehemmarar som vert nytta, skal merkast tydeleg.

⁽¹⁾ TEU L 396 av 30.12.2006, s. 850. Retta ved TEU L 136 av 29.5.2007, s. 281.

⁽²⁾ TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19.

6. Bruksrettleiing

Fjernsynet skal seljast med ei føremålstenleg bruksrettleiing som inneheld råd om miljøvenleg bruk. Opplysningane skal samlast på éin stad som er lett å finne i bruksrettleiinga og på nettstaden til produsenten. Opplysningane skal særleg omfatte:

- a) Effektforbruket til fjernsynet i dei ulike tilstandane: påslått tilstand, avslått tilstand og passiv kviletilstand, i tillegg til opplysningar om mogleg energiøkonomisering i dei ulike tilstandane.
- b) Det gjennomsnittlege energiforbruket til fjernsynet per år uttrykt i kWh, rekna ut på grunnlag av effektforbruket i påslått tilstand, ved drift i fire timar om dagen 365 dagar i året.
- c) Opplysningar om at energieffektiv bruk minskar energiforbruket og dermed gjer det mogleg å spare pengar ved lågare straumrekningar.
- d) Følgjande opplysningar om korleis effektforbruket kan minskast når fjernsynet ikkje er i bruk:
 - energibruken kan minskast til null dersom fjernsynet vert slått av ved å kople det frå straumnettet eller ved å trekke ut støpselet, og dette er tilrådd når fjernsynet ikkje er i bruk på lang tid, t.d. i feriar,
 - ved å nytte avstengingsknappen vil energibruken reduserast til nær null (dersom fjernsynet har ein slik knapp),
 - dersom fjernsynet vert sett i kviletilstand, vil energiforbruket reduserast, men det vil framleis nytte ei viss mengd straum,
 - redusering av lysstyrken til skjermen vil minske energibruken.
- e) Plasseringa av avstengingsknappen (dersom fjernsynet har ein slik knapp).
- f) Opplysningar om kven som er kvalifiserte til å reparere fjernsynet, og eventuelt kontaktopplysningar.
- g) Opplysningar om høveleg disponering ved avfallsanlegg eller om eventuelle tilbakeleveringsordningar med detaljsten når det gjeld kasserte fjernsyn, i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/96/EF⁽¹⁾.
- h) Opplysningar om at produktet er tildelt fellesskapsmiljømerket, med ei kort forklaring på kva dette inneber, og at fleire opplysningar er tilgjengelege på nettstaden <http://www.ecolabel.eu>

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava, og leggje fram eit eksemplar av bruksrettleiinga for det rette organet som vurderer søknaden.

7. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 på miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- Høg energieffektivitet
- Reduserte CO₂-utslepp
- Utforma for å lette reparasjon og attvinning

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller dette kravet, og leggje fram for det rette organet som tildeler miljømerket, ein kopi av miljømerket slik det vil sjå ut på emballasjen og/eller produktet og/eller den medfølgjande dokumentasjonen.

⁽¹⁾ TEU L 37 av 13.2.2003, s. 24.